

URD med mykje vind, nedbør og stormflo.

26.12.2016



Vindretninga er frå vest og nordvest, den same som for stormane NINA og DAGMAR (Arkivfoto)

Ekstremveret URD er på veg inn mot kysten i ettermiddag og det er venta kraftig vind på Vestlandet sør for Stad. Det vert kraftige vindkast frå vest og nordvest med høge bylgjer og stormflo. Vervarslinga går ut med oppmoding om å sikra alle lause gjenstandar.



Det er venta høg sjø med om lag 1 meter over høgste flomål. (Arkivfoto)

Vindretninga vert den same som stormane NINA og DAGMAR, då det vart gjort store skader mange plassar. Det vert lokalt mykje nedbør. På 36 timar kan det koma mellom 70 og 100 mm. Vindstryken ligg på 25 meter i sekunden.

I tida fram til i ettermiddag/kveld bør ein sjå til at alle lause gjenstandar er sikra. Det gjeld særleg på byggeplassane i Uskedalen, men også av det som ligg utsett til i hagar, rundt husa og på tun. Med høg sjø er det viktig å sikra naust og gjenstandar i strandsona.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal